



BERGEN STILLAS AS  
Sollien 39  
5096 BERGEN

Dato: 05.11.2019  
Vår ref.: 2019/18729-3  
Saksbehandlar: ulfskjo  
Dykkar ref.:

## Godkjenning som lærebedrift i stillasbyggarfaget

Vi viser til søknad mottatt 20. oktober 2019 om å bli godkjent som lærebedrift i stillasbyggarfaget. På grunnlag av dei opplysningane som ligg føre i saka, er

### **Bergen Stillas AS, org.nr. 923 477 276, godkjent som lærebedrift i Stillasbyggarfaget**

Vi har registrert følgjande opplysningar om bedrifta:

Ansvarleg leiar: Fredrik Strand Larsen

Fagleg leiar: Fredrik Strand Larsen

Instruktør(ar): Fredrik Strand Larsen

Arbeidstakarane sin tilsynsrepresentant: ikkje aktuelt pga storleiken til bedrifta

Bedrifta sin systemansvarlege for VigoBedrift: Fredrik Strand Larsen

Vilkåra for å bli godkjent som lærebedrift er regulert av Opplæringslova §4-3 og forskrifta §11-1 :

1. Lærebedrifta må vere ei slik verksemd og ha slikt utstyr at ho kan gi ei opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen.
2. Lærebedrifta skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar (fagleg leiar) som har det formelle, overordna ansvaret for opplæringa, og skal sjå til at opplæringslova med forskrifter blir oppfylt.
3. Bedrifta skal ha ein eller fleire instruktørar som står føre opplæringa. Instruktøren er lærlingen og lærekandidaten sin næraste støttespelar, og har ansvar for den daglege opplæringa og for undervegsvurdering og halvårsvurdering. Fagleg leiar og instruktør kan vere ein og same person.
4. Verksemda må vere lokalisert innan Hordaland fylke sitt geografiske område.

I tillegg har Utval for opplæring og helse i Hordaland bestemt at:

5. Fagleg leiar må ha gjennomført Hordaland fylkeskommune sitt introduksjonskurs for nye lærebedrifter.

Bedrifta må søkje om ny godkjenning frå Hordaland fylkeskommune dersom det går meir enn to år før lærekontrakt blir teikna eller det er gått meir enn to år frå siste avslutta lærekontrakt.